

## Møtebok

Sak nr.:	03/2018	Arkiv nr.:	613.1	Møtedato:	19.02.2018
Saksbehandlar:	Odd Repp				

**Ny behandling. Forslag til endring av jaktkortordninga for utanbygds jegerar utan hund i den regulerte perioden av småviltjakta.**

**Sakspapir:**

- Fjellstyresak 14/2009
- Fjellstyresak nr. 06/2010 med saksdokument.
- Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning.  
[FOR-2016-04-01-336](#)
- Sak nr. 39/2017 i Lom fjellstyre.
- Sak nr. 2/2018 i Lom vilt- og innlandsfiskerenemnd.

**Saksutgreiing:**

Fjellstyret drøfta i sak nr. 39/2017 ei endring av jaktkortordninga for utanbygds jegerar utan hund, der det var gjort samråystes vedtak om å innhente uttale til dette forslaget:

*«For perioden 15.9. – 29.9. vert talet på småviltjaktkort til utanbygds jegerar utan hund sett til maksimum 150 kort totalt. Perioden blir delt i tre 5-dagars periodar, og talet på jegerar pr. periode vert sett til 50 kort.*

*Det vert ikkje høve til å kjøpe seg dagskort i denne perioden. Prisane på korta blir regulert i eiga sak.»*

Saka har vore sendt til Lom vilt- og innlandsfiskerenemnd for uttale, samstundes som den har vore varsla og lagt ut til offentleg gjennomsyn med frist til å kome med merknader før fjellstyret gjer endeleg vedtak.

Lom vilt- og innlandsfiskerenemnd har behandla saka, sak nr. 2/2018, og gjort slik samråystes vedtak:

*«Vilt- og innlandsfiskerenenda har ingen merknader til forslaget frå Lom fjellstyre om endring av jaktkortordninga for utanbygds jegerar utan hund.»*

Det har ikkje kome merknader til saka frå andre.

**Framlegg til vedtak:**

Forslaget til endring vert vedteke.

**Vedtak:**

Som framlegget.

Samråystes.

Vedtaket vert lagt ut til offentleg ettersyn med frist til å klage på vedtaket innan den 15.3.2018.

## Møtebok

Utskrift går til:

- Lom vilt- og innlandsfiskerenemnd, Lom kommune – berre som e-post
- Lom jeger- og fiskarforeining v/leiar Jørgen Vole – berre som e-post